



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Statsforvaltarens tilråding til Miljødirektoratet - om vern av Lægdene - Baklåsjuvet - Søre Rekedal - Frivillig vern av skog i Rogaland - juni 2026

Statsforvaltaren i Rogaland sender over si tilråding om vern av 3 nye skogområde i Rogaland fylke:

Lægdene naturreservat i Sauda kommune

Baklåsjuvet naturreservat i Suldal kommune

Søre Rekedal naturreservat i Sokndal kommune

Samstundes blir det tilrådd at eksisterande verneområde **Rekedal naturreservat** får endra avgrensing og areal.

Alle verneforslaga har kome fram gjennom ordninga frivillig vern av skog og vil bli verna som naturreservat.

Det har blitt ført ein delvis felles verneprosess for fleire verneforslag der oppstartsmeldinga gjaldt 6 verneforslag med oppstartsmelding i september 2025. Dei 3 verneforslaga i denne tilrådinga hadde samla høyring frå 2. februar til 8. april 2026. For Lægdene og Baklåsjuvet har merknader til oppstartsmelding og høyring ikkje ført til endringar i framlegg til verneforskrift eller vernegrense. For Rekedal har merknadar til høyringa ført til endringar både av namn, vernegrense og verneforskrift.

Vedlagt følger tilrådingsdokumentet som er Statsforvaltaren i Rogaland si tilråding til vern for tre nye skogområde i fylket vårt. Framlegg til vernekart og verneforskrifter er vedlagt brevet og er også lagt på Statsforvaltaren si nettside under Miljø og klima > Verneområde. Der kan ein også finna naturgrunnlaget vernet byggjer på, uttalar som har kome til høyring og oppstartsmelding, avveging mellom skogvern og skogbruk, samt adresselista på mottakarar av denne tilrådinga.

Det er enno mogleg å kommentera verneforslaga, men då skal merknadane skal sendast direkte til Miljødirektoratet med kopi til Statsforvaltaren i Rogaland.

Miljødirektoratet: post@miljodir.no, eller Postboks 5672 Torgarden, 7485 TRONDHEIM.

Statsforvaltaren i Rogaland: sfropost@statsforvalteren.no eller Postboks 59, 4001 STAVANGER.



Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Tilrådning av vern - Lægdene, Baklåsjuvet, Rekedal
- 2 Kart og forskrift Lægdene
- 3 Kart og forskrift Baklåsjuvet
- 4 Kart og forskrift utviding ved Rekedal
- 5 Tilrådingkart Rekedal, ny avgrensing
- 6 Naturgrunnlag 1 Lægdene
- 7 Naturgrunnlag 2 Lægdene
- 8 Naturgrunnlag Baklåsjuvet
- 9 Naturgrunnlag utviding ved Rekedal
- 10 Avveining skogvern vs. skogbruk, Lægdene
- 11 Avveining skogvern vs. skogbruk, Baklåsjuvet
- 12 Avveining skogvern vs. skogbruk, Rekedal
- 13 Innspel Høyering Lægdene
- 14 Innspel Høyering Baklåsjuvet
- 15 Innspel Høyering Søre Rekedal
- 16 Innspel Oppstart Lægdene
- 17 Innspel Oppstart Baklåsjuvet
- 18 Innspel Oppstart Rekedal
- 19 Adresseliste TILRÅDING juni 2026